



Helikopteret landar på Husnes etter første leiterunde for å ta med ein lokalkjend politimann.(Foto: Frode Blokhuis/HusnesNett)

Det vart ved 18-tida sett igang leiteaksjon med helikopter frå Hovudredningssentralen etter ein 36 år gamal litauar som bur på Husnes og som var meldt sakna i området mellom Husnes og Uskedalen.

Han skulle gå frå Husnes via Mjelkhaug og Svartavatnet i går, ein tur som vanlegvis tek tre timar, men sidan har ingen høyrte noko frå han eller oppnådd kontakt på telefon. Han starta turen ved 10-tida.



Helikopteret var nede på Husnes med ein politimann like før klokka 22, men heldt fram søkjet etterpå.

Litauaren vart meldt sakna i ettermiddag klokka 16.30 av arbeidskolleger.


Den sakna har grå ullgenser og kvit bukse og var relativt tynt kledd. Han skal vera fjellvand, og gjekk altså åleine. Mat hadde han ikkje med. Søket etter litauaren hadde ved 20.30-tida ikkje gjeve noko resultat trass i at det var søkt grundig langs den oppgjevne ruta. Ein lokalkjend politimann var med helikopteret i søket som også omfattar dalane ned mot Uskedalen,

Det er også koplå inn Røde Korsmannskap som er på veg inn på ski. 4 personar går no same ruta som mannen oppga og også redningshundar frå Kvamskogen, Vodd og Odda er med. Tilhøva for leiting er gode og søket vil halda fram utover natta. Det er minus 5, svak vind og klarver.

Det siste spor etter litauaren skal vera at han har kvittert på toppen av Bremstølen som ligg 460 meter over havet rett opp for Søral. Ved Svartavatnet har ha ikkje kvittert.

Søket vart avslutta litt før midnatt men vil verta teke opp att så snart som mogeleg i morgon tidleg

Av Kristian Hus og Ola Matti Mathisen.



Det aktuelle området er svært kupert. Litaueren kan ha vald ei litt nordlegare rute enn på dette kartet. Klikk på kartet for å lesa det.